



## Referat

**Utval:** Fitjar kyrkjelege fellesråd  
**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen  
**Dato:** 19. januar 2017  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Møtenr.:** 1/2017

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

**Rådet ynskjer å bruke mindre tid på taldelen av budsjettet i sjølv møtet. Kyrkjeverje gjekk gjennom detaljbudsjettet kl. 17.00 for dei som ynskjet det.**

### Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Rasmus Fitjar	Leiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sigrid Marie Fangel	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem kom kl. 19.05
Olav J. Oma	Sokneprest
Sigurd André Maraas	Kommunal representant
Harald Rydland	Kyrkjeverje

### Forfall:

Namn	Funksjon
Terje Havro	Nestleiar
Mette E. Lambach	Medlem
Gunvald Aarbø	Medlem

### Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem Ba om å verte vurdert ugyldig i Sak 01/17 grunna si rolle i kommunestyret. Fellesrådet vert einig. Han vert tilhøyrar under behandling av saka.

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal repr.
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten



**Sakliste:**

<b>Saknr.</b>	<b>Innhald</b>
F-01/17	Budsjett for 2017
F-02/17	Val av leiar og nestleiar
F-03/17	Godkjenning av referat
F-04/17	Meldingssaker
F-05/17	Open post

**F-sak 01/17 Budsjett for 2017**

**Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet sluttar seg til budsjettet for Fitjar sokn 2017 slik det ligg føre med desse presiseringane:

1. Kyrkjeverja må prøva å kutta ytterlegare i budsjettet for å få det i balanse
2. Det må utarbeidast ein godt grunngjeven søknad til kommunen om å auka løyvinga til kyrkja i revidert budsjett
3. Leiarane i fellesrådet og soknerådet må be om møte med formannskapet for å orientere om økonomien i kyrkja
4. Det må vurderast om det er råd å auka eigenbetalinga på ein del av dei kyrkjelege tenestene

**Behandling i Fellesrådet 19.jauar 2017**

Fellesrådet ynskjer å fjerna fyrste punkt og kom med nye presiseringar under punkt 2 og eit nytt punkt 4.

**Vedtak: (samrøystes)**

Fellesrådet sluttar seg til budsjett for Fitjar sokn 2017 slik det ligg føre med desse presiseringane:

1. Det må utarbeidast ein godt grunngjeven søknad til kommunen om å få auka løyvinga til kyrkja i



revidert budsjett, slik at tilskotet er i tråd med det som er kommunen sitt økonomiske ansvar etter kyrkjelova.

2. Leiarane i fellesrådet og soknerådet må be om møte med formannskapet for å orientere om økonomien i kyrkja

3. Det må vurderast om det er råd å auka eigenbetalinga på ein del av dei kyrkjelege tenestene

4. Lønnskostnader til klokkar og kyrkjetenar må synleggjerast i budsjettet til kyrkja. Dersom det framleis er råd å få utført denne tenesta ved hjelp av frivillige etter at kommunen har gjeve meir tilskot, skal frigjorte midlar godskrivast avdelinga for kyrkjelydsprest.

### **F-sak 02/17: Val av leiar og nestleiar**

#### **Framlegg til vedtak:**

Leiar i fellesrådet for året 2017 vert \_\_\_\_\_ (samrøystes ?)

Nestleiar i fellesrådet for året 2017 vert \_\_\_\_\_ (samrøystet ?)

#### **Behandling i Fellesrådet:**

Siste året har Rasmus Fitjar vore leiar og Terje Havro nestleiar. Dei er viljuge til å fortsetja i vervet. Dei blei valt med akklamasjon.

#### **Vedtak: (samrøystes)**

Leiar i fellesrådet for året 2017 vert Rasmus Fitjar.

Nestleiar i fellesrådet for året 2017 vert Terje Havro.

### **F-sak 03/17: Godkjenning av referat**

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet godkjenner referatet frå møtet den 21. oktober 2016.

#### **Behandling i Fellesrådet 19. januar 2017**

Kyrkjeverje Harald Rydland gjorde fellesrådet merksam på at datoen i framlegg om vedtak er feil.

#### **Vedtak: (samrøystes)**

Fellesrådet godkjende referatet frå møtet 6. oktober 2016

### **F-sak 04/17: Meldingsaker**

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet tek meldingane til orientering

#### **Behandling i Fellesrådet 19. januar 2017:**

I møtet vert det orientert om desse sakene:

1. Orgel og galleriprojektet, status for arbeidet

Orgelhus er sett opp og skal malast.

Fleire orgelpiper er sett opp.

Rekkverket på galleriet vert bestilt og montert i januar/februar.

Resten av orgelpipene vert sett på plass og orgelet vert stemt/intonert i februar.

Orgelet vert testa i slutten av februar.

Innviing 26.mars.

Innsamling av pengar går bra.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Fitjar sokn

Ein vil berømma dugnadsgjengen med ei dugnadsfest. 95 personar har arbeidd ca. 3000 timar.

2. Det vert orientert om at kyrkjekontoret vert flytta til legekantoret.

**Vedtak: (samrøysta)**

Som framlegg.

**F-sak 05/17: Open post**

**Behandling av saka i Fellesrådet 19.januar 2017:**

Spørsmål frå Sigrid M. Fangel om ein kan få nokon til å laga ein «Bibelkuffert» til barnearbeidet i kyrkja.

Einighet å spørja Gunnar Aarbø om han kan gjera det.

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....